



AUSTRHEIM KOMMUNE

Servicekontor

Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2

6863 LEIKANGER

Dato	Vår ref.	Dykkar ref.
04.11.2021	21/426 - 12	

Oversending Klage på løyve til Flytebrygge frå Statsforvalteren - gbnr. 166/1 - Vestre Sævrøy

Saka vart handsama i møte 21.10.2021 og formannskapet gjorde følgjande vedtak:
*Formannskapet i Austrheim tek ikkje klagen frå Statsforvalteren i Vestland til følge.
Grunngjeving er gjeve i saksutgreinga, og administrasjon må gjere ei grundig utgreiing og forklare
godt når dette vert sendt til fylkesmannen. Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33.
Saka vert sendt tilbake til Statsforvalteren.*

Saka vert no sendt tilbake til Statsforvaltaren i Vestland. Det vert sendt kopi til partane i saka.
Sakspapira ligg ved. Det vert også lagt ved bilder og tilleggsopplysningar.

Vennleg helsing
Kristin Nesbø
fagleiar servicekontoret

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen underskrift

Andre mottakere:

Statsforvaltaren i Vestland

Kjetil Alvestad Skagetjernvegen 57, 5258 Blomsterdalen

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
100/21	Formannskapet	PS	21.10.2021

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Christopher Marius Straumøy	Gbnr-166/1, HistSak-14/1235	21/426

Klage på løyve til Flytebrygge frå Statsforvalteren - gbnr. 166/1 - Vestre Sævrøy

Vedlegg:

Klage - gbnr 166/1 - Vestre Sæverøyna - flytebrygge - dispensasjon

Uttale - Austrheim - gbnr 166/1 - Vestre Sævrøyna - flytebrygge - dispensasjon

Dispensasjonssøknad Flytebrygge - gbnr. 166/1 - Vestre Sævrøy

Framlegg til vedtak:

Formannskapet i Austrheim tek ikkje klagen frå Statsforvalteren i Vestland til følge.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreinga.

Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33.

Saka vert sendt tilbake til Statsforvalteren.

Formannskapet - 100/21 - 21.10.2021

FS - behandling:

Synfaring, desse deltok:

Formannskapet Per Lerøy (Ap), Inger Lise Brekke (H), Helge Dyrkolbotn (Krf), Aslak Bakke (H), Bjørn Inge Dyrkolbotn (Sp)

Formannskapet meinte at administrasjonen skulle senda eit følgjeskriv som opplyste om staden, restaureringa, vertilhøve/tryggleiken og be om at Setjestatsforvaltaren gjev dispensasjon som omsøkt. Austrheim kommune er og i sone 3, det må presiserast i dette skrivet.

Frå administrasjonen i Austrheim kommune deltok:

Christopher Straumøy, sakshandsamar. Han informerte formannskapet om saka, og kva vurderingar som er vorte gjort her.

Bjørnar Fjellhaug, kommunedirektør

Rolf Henning Myrmel

Stein Kåre Løvslett

Asbjørn Nagell Toft

Grunneigarar:

Bente-Helen R. Alvestad (grunneigar bnr. 166/1). Ho la fram sitt syn i saka.
Kjetil Alvestad (grunneigar bnr. 166/1) . Han la fram sitt syn i saka.

Bjørn Inge Dyrkolbotn (Sp)– Som vi har prata om før, folk bør få legge ut flytebrygger fordi dei set eit lite avtrykk i naturen.

Per Lerøy (Ap) Er einig i det. Ein bør kunne legge ut flytebrygger utover det som ligg i plan. Vi blir behandla som om vi er i sone 1 ikkje i sone 3, der vi faktisk er. Denne saka bør vi kjøre heilt opp. Vi treng å gjere det trygt for brukarane og vi privatiserer ikkje om vi gjer dette.

Aslak Bakke (H)– Vi er ganske samstemte i denne saka.

Per Lerøy (Ap) – Får vi avslag igjen, får vi ta kontakt med kommunaldepartementet for å vite kva dei meiner med sonene .

Inger Lise Brekke (H) – Det er tidkrevjande at samfunnet skal handsame slike saker gong etter gong. Vi ønsker forutsigbarheit både for oss og for innbyggjarne.

Per Lerøy (Ap)– Vi må forvente at det kjem eit par dispensasjonsøknader sjølv om vi har mye planar på plass i Austrheim.

Administrasjon må utgreie dette grundig og på ein ny måte nå når det vert sendt til settefylkesmann. Det blir lagt fram i neste FS til orientering.

Framlegg frå Per Lerøy (Ap):

Formannskapet i Austrheim tek ikkje klagen frå Statsforvalteren i Vestland til følgje.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreinga, og administrasjon må gjere ei grundig utgreiing og forklare godt når dette vert sendt til fylkesmannen. Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33.

Saka vert sendt tilbake til Statsforvalteren.

Handsaming i formannskapet:

Framlegget frå Per Lerøy (Ap) vart samrøystes vedteke

FS vedtak:

Formannskapet i Austrheim tek ikkje klagen frå Statsforvalteren i Vestland til følgje.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreinga, og administrasjon må gjere ei grundig utgreiing og forklare godt når dette vert sendt til fylkesmannen. Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33.

Saka vert sendt tilbake til Statsforvalteren.

Saksopplysninger:**Bakgrunn**

Formannskapet i Austrheim fatta den 26.08.2021 følgjande vedtak:

Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon frå kommuneplan plan-id: 2013001 og dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel og pbl. § 1-8 til omsøkte flytebyggje:

1. Flytebyggja vert skilta som open for ålmenta.
2. Fortøyningsblåse i område tilhøyrande søkjar må fjernast.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 11-6 og § 1-8.

Statsforvalteren i Vestland har i brev av 20.09.2021 klaga på vedtaket. Det er klart at Statsforvalteren i Vestland har klagerett og at klagen er framsett rettidig.

I klagen vert det lagt vekt på at arealdelen av kommunenplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal dermed ikkje vere kurant å dispensere frå gjeldande plan. Dette bør skje gjennom plan. Vidare meiner Statsforvalteren at det ikkje vil vere særleg til nytte for ålmenta. Statsforvalteren trekk frem at at det omsøkte tiltak vil markere ca 24m - ekskludert landgang - ut i sjø og at presedensverknaden er til stades viss kommunen skal leggje til rette for flytebyggjar i staden for blåsar. Statsforvalteren advarer mot ein punktvis utbygging av strandsona. Videre peikar Statsforvalteren at det er sjøareal i nærleiken som er nytta til friluftsliv og opplevingen av naturen er ein viktig del av dette. Det vil vere i strid med utgangspunktet om att strandsona, LNF-formål og bruk og vern av sjø skal vere bygd. Statsforvalteren kan ikkje sjå nokon særlege grunner som talar for å gje dispensasjon i saka, utover personlege fordelar. Statsforvalteren vurderer at vilkåra for dispensasjon ikkje er oppfylt. Vidare viser Statsforvalteren til merkanden innsendt når søknaden vart sendt på høyring.

Klagen frå Statsforvalteren, samt merkanden ligg vedlagt.

Vurdering

Det går fram av klagen at klagar meiner tiltaket må løysast gjennom ein planprosess. Kommunedirektøren er på overordna nivå einig med klagar i dette, men meiner det er fleire ting som gjer at det i denne saka bør kunne gjevast dispensasjon.

Det er ikkje mogeleg for tiltakshavar å ha sikker veg til båt utan og tilretteleggje for dette i tråd med omsøkt tiltak. Dette er også grunna i at det ikkje vil vere mogeleg for søkjar å finne seg mogelegheit andre stader, mellom anna ettersom det ikkje er plass ved marinaen lengre nord.

Når det så gjeld om tiltaket burde våre løyst i ein planprosess så er kommunedirektøren som nemnt på overordna nivå einig i dette. I denne saka er det imidlertid gode grunnar for å gje dispensasjon, og kommunedirektøren kan ikkje sjå at tiltaket medfører uønska presedensverknader. Ei planendring er ein tidkrevjande og kostbar prosess og Kommunedirektøren meiner dette tiltaket må kunne løysast med dispensasjon. Ein vil då få på plass ei mogelegheit for trygg løysing for bruk av båt. Elles visast det til vurderingane som ble gjeve i dispensasjonen som er vedlagt.

Konklusjon

Formannskapet i Austrheim tek ikkje klagen frå Statsforvalteren i Vestland til følge.